

ÅRETS LOKALAVIS

2023

Sogn Avis

Sogn Avis jobbar systematisk og målretta, og får igjen for det. Avisa kan vise til solid vekst i oppslutning og i publikums bruk av både tid og mengde innhald.

Avisa har peika ut fleire tydelege satsingar som dei er tru mot over tid. Innhald som fengjer unge vaksne og nye generasjonar er sentralt, og tal for oppslutning og bruk fortel at det verkar. Avisa har størst vekst i aldersgruppene 20-39 år, både i abonnement og bruk av innhald. Eller sagt med avisa sine egne ord; folk liker oss, og vi har tal som beviser det.

Avisa misser likevel ikkje av syne at dei skal vere ei lokalavis for alle. Dette viser igjen i ei stor allsidigheit i innhald.

Redaksjonen er opptatt av å vere tett på menneska som bur i dekningsområdet, og set dei personlege historiene i sentrum av journalistikken. Dette er spesielt synleg i sportsdekninga, som skil seg ut frå den velkjente resultatorienterte sportsjournalistikken. Dei er aktive med å skape debatt i lokalsamfunnet, både gjennom debattsider og debattmøte.

Sogn Avis tør å tenkje stort for å oppnå måla sine. Avisa har mellom anna satsa på det visuelle uttrykket, og tilsett eigen grafisk medarbeidar. Dei satsar også på datastøtta journalistikk, og vil presentere journalistikken slik at lesarane aktivt sjølv kan søkje kunnskap og dykke djupare inn i historiene som blir fortald.

Redaksjonen sine fem verdiar samanfattar godt kva avisa står for:
Herifrå – Folkeleg – Framsynt – Nysgjerrig – Pålogga

JURYEN, TROMSØ 22. APRIL 2023

Nina B. Einem
Nina Birgitte Einem

Rune Endresen
Rune Endresen

Kjetil M. Skog
Kjetil M. Skog

ÅRETS LOKALAVIS

2023

Hallingdølen

Heiderleg omtale

Hallingdølen imponerer stort i den visuelle utforminga og har fått nasjonal merksemd for sine kreative framsider.

Serien om språkdøden er sterk, både i form og innhald. Ein dødsannonse på framsida er eit oppsiktsvekkjande grep. Det visuelle vert følgt opp i reportasjane med snakkebobler, grafikkar, teikningar og attskaping av tidlegare bilete. Det journalistiske innhaldet står i stil med dei kreative formgrepa. Teksten blomstrar og ein brukar både ekspertar, kjente fjes og folkelege kjelder for å støtte opp under saka. I tillegg følgjer avisa opp med ei eiga avisutgåve der alt vert skrivne gjennomført på hallingmål – til og med annonsane (med nokre unnatak).

Andre avisutgåver framstår pent redigert, friske og heilskaplege.

Både på nett og på papir er det alltid levande, med ferske bilete og breidde i sakene.

Avisa ser ut til å vere kjapt ute på hendingar – samtidig som det blir tenkt ut skarpe vinklingar. Fleire eigenutvikla spalter – slik som «Over kaffikoppen» og «Sett uttate» – gjer at avisa skil seg ut i mengda. Årsmagasin, langlesingssaker og helgebilag har klare reportasjegrer og nydelege bilete. Her er også overraskande tema – for eksempel isbading og arkeologi – noko som igjen er med på å sikre eigenart.

Et lite frampeik til slutt: Podkasten om trippeldrapet på Geilo blei publisert på nyåret og underbygger ytterlegare at avisa er heilt i øvste klasse blant landets lokalaviser.

JURYEN, TROMSØ 22. APRIL 2023

Nina B. Einem
Nina Birgitte Einem

Rune Endresen
Rune Endresen

Kjetil M. Skog
Kjetil M. Skog

ÅRETS LOKALAVIS

2023

Dølen

Hederlig omtale

Her har vi ei lokalavis med et ekte ønske om å fortelle om folk. Det gjør de på en forbilledlig måte. Avisa er fylt av mange ansikter og magiske historier som blir fortalt av journalister med fin fortellerevne. Det er tydelig at Dølen jobber godt med kildene, og at de når fram til leserne. Avisa har en rekke reportasjer der mennesker deler sterke historier som det koster mye å fortelle. At de velger å stå fram i lokalavisa, vitner om tillit og trygghet.

Juryen ble bergtatt av mange av reportasjene, blant annet om flyktningen Josephines reise. I denne reportasjen benyttes video som inngang, før leserne blir tatt med til en omfattende og levende historie, krydret med meget gode bilder og relevante fakta. Reportasjen har også fått en flott presentasjon i papiravisa. Denne typen journalistikk skal lokalaviser i landet lære av. Reportasjen er en del av Dølen arbeid med å øke mangfoldet i spaltene, en viktig innsats som vi vil gi honnør.

Juryen har bitt seg merke i spaltistgruppa som Dølen etablerte i 2022. Dette er et godt tiltak, som også bidrar til økt mangfold i spaltene.

Avisa har en bredde i tema, og gir leseren innblikk i alt fra country til oppussing. Også i nærings sakene går Dølen et ekstra skritt i kildearbeidet. Her får leserne møte arbeidsfolk og deres historier fra arbeidslivet, heller enn direktører og ledere. Knakende bra!

Dølen er en fremadretta redaksjon som er veldig god på krysspublisering, levende bilder, direktesendinger og ulike former for digital presentasjon. De viser at også små redaksjoner kan gå foran, og bør være et forbilde for andre lokalaviser.

JURYEN, TROMSØ 22. APRIL 2023

Nina B. Einem
Nina Birgitte Einem

Rune Endresen
Rune Endresen

Kjetil M. Skog
Kjetil M. Skog

ÅRETS DIGITALE SATSING

2023

Avisa Hordaland Full tank

Avisa Hordaland har laga ein konsentrert, tett, og imponerende dokumentarserie om fire engasjerte og levande subkulturar i regionen. Gjennom *Full tank* blir vi godt kjente med både eldsjelene bak og deira engasjement for motor.


I kjølvatnet av fleire nasjonale TV-produksjonar, skriv Hordaland seg her inn i ein god tradisjon – kor målet er å løfte fram desse miljøa og bli kjent med dei. Her er det gode portrett, ikkje karikaturar.

Den mellomstore lokalavisa gjer det med ein produksjon som ikkje ligg langt bak dei nasjonale TV-miljøa. Dette er gjennomført profitt fra start til slutt. Inkludert distribusjonen, der Hordaland ligg langt framfor alle andre i klassen. Vi gratulerer!

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023


Eirin Larsen


Gard L. Michalsen


Lars Adrian Giske

ÅRETS DIGITALE SATSING

2023

Dølen

Min historie – innvandrere i Midtdalen

Hederlig omtale

Gjennom «Min Historie» – om innvandrerne i Midtdalen, vil Dølen bygge bru mellom menneskene i Midtdalen, og bidra til et rausere og varmere samfunn. Det gjør de på forbilledlig vis.


Historiefortellingen er helt i toppsjiktet, på nasjonalt nivå. Vi får et unikt innblikk i hverdagslivet til Josephine, Binyam og Heidar, og Dølen viser oss også utfordringene som oppstår i møtet mellom generasjoner. De som flyktet, og de som ble med.

Dølen ambisjon om å øke mangfoldet i spaltene er til inspirasjon for oss alle. Gjennom å speile bygda, og løfte fram nye historier, befester lokalavisa sin posisjon.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023


Eirin Larsen


Gard L. Michalsen


Lars Adrian Giske

ÅRETS DIGITALE SATSING

2023

Fjell-Ljom

Hederlig omtale

Med gjennomføringsvilje, handlekraft og målretta arbeid, har Fjell-Ljom gått fra å henge langt etter på den digitale arenaen til å bli en foregangsavis som i dag leverer et produkt som holder et imponerende høyt nivå både på innhold og presentasjon.

Avisa har på noen få måneder klart å gjøre bruk av levende bilder og streaming til en del av den daglige nyhetsdekningen, og har i løpet av kort tid produsert en rekke innbydende og profesjonelle podkaster.

I dag konkurrerer avisa i et sjikt der større medieaktører kommer til kort. Det er intet annet enn imponerende og inspirerende.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023


Eirin Larsen


Gard L. Michalsen


Lars Adrian Giske

ÅRETS HISTORIEFORTELLING

2023

Kyrre Fitje *Sogn Avis*

Som journalister er vi daglig på jakt etter dramatiske historier. Det ligger i vårt DNA å formidle store og små hendelser som på en eller måte antas å engasjere leserne våre. Samtidig er det en krevende øvelse å fortelle historier presist, sannferdig, veie ordene og få leserne til å lese hele historien.

Årets prisvinner svarer godt på alle disse utfordringene. Han vet at han sitter på en god historie, men velger å gå et par runder ekstra for å heve den. Gi den en ekstra klo. Detaljene som i sum leder til at historien sitter.

Journalisten stiller spørsmål underveis, men er først og fremst en god lytter. Han vet når han må stille oppfølgingsspørsmål og be om utdyping. Men han vet også når han skal holde kjef.

Han lykkes med å skaffe til veie et stort antall bilder og video fra hendelsen. Dette skal sorteres og vurderes, men han har en plan som han holder seg til. Han har et godt blikk for hva som løfter historien - og hva kan klippes bort.

Årets prisvinner har et godt øye for historiens dramaturgi. Han gjør noen motiverte veivalg – og holder seg til en tydelig fortellerstil.

Vi får presentert en spennende historie om å våge, vurdere farer – og så sette utfor noe man knapt kan se rekkevidden av. Noen har flaks, en har uflaks. Historien har klare vendepunkt. Den har hvilefaser og intense action-faser. Som å padle ned et ukjent elvestryk. Som om dette er et førstepersons-spill der du opplever handlingen gjennom øynene til hovedpersonen.

Tekst og video spiller uvanlig godt sammen i denne saken. Selv om den er lang, holder den på leseren fra start til slutt.

Som leser er vi lettet over at de tre guttene klarer å komme levende fra det.

Journalisten utnytter de fleste av publiseringsplattformens tekniske muligheter, men det er den helhetlige gjennomføringen som gjør at årets jury mener at «Eit døgn etter spør han seg sjølv. Skal eg venta til hjelpa kjem, eller kasta terning med livet?» er årets beste historie. Gratulerer, Kyrre Fitje i Sogn Avis!

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg

Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

ÅRETS HISTORIEFORTELLING

2023

Kari Smeland *Vest-Telemark Blad*

Hederlig omtale

I 2022 omkom 118 personer i trafikken i Norge. Noen av disse på grunn av ruskjøring. Hvorfor skjer dette igjen og igjen, og hva kan vi gjøre for å hindre at liv går tapt i unødvendige hendelser? Hvordan kan vi som enkeltmennesker ta ansvar?

Vest-Telemark Blad trenger inn i et krevende felt der mange i lokalsamfunnet er rammet. Hva er fellestrekkene ved de mange ulykkene? Hvilke holdninger har innbyggerne? Og hva skal til for at færre liv går tapt på denne måten?

Avisa kjører en rekke saker med mange kilder og historier som for mange er en vekker. Likevel skjer det igjen.

Redaksjonen går tettere på. En hardt rammet familie stiller opp. Sønnen i huset, broren og kameraten til de mange er borte. Uten å bli sentimental har foreldrene

et tydelig budskap. Neste gang er det du som skal si nei eller ta bilnøkklene fra folk som vil sette seg bak rattet i påvirket tilstand.

Saken om Henrik hadde ikke vært mulig uten godt kildearbeid. Opplevelsen og sorgen til Henriks nærmeste, og ikke minst deres gode minner, også i form av bilder, gjør at historien berører oss sterkt. Saken er gjennomarbeidet og godt fortalt.

Med slike historier gjør Vest-Telemark Blad sitt for å påvirke leserne til å endre holdninger og i beste fall endre en dårlig kultur gjennom å gjenta hva som står på spill. Der kan en god lokalavis gjøre en forskjell, kanskje på liv og død.

Hederlig omtale går til journalist Kari Smeland, Vest-Telemark Blad, for «Me får aldri Henrik tilbake, men ingen andre bør oppleve det me har opplevd».

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg

Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

ÅRETS HISTORIEFORTELLING

2023

Guro Skjelderup

Raumnes

Hederlig omtale

Lille nyttårsaften 2020 går jordskredet i Gjerdrum. Utrykningsleder i brannvesenet Kristoffer Sveen er blant de første som ankommer katastrofen som har rammet et helt vanlig boligområde. Med risiko for eget liv starter han og kollegene evakueringsjobben. Men selv om han kommer fra det uten fysiske skader, får brannmannen sterke reaksjoner på det han har opplevd, og bruker lang tid på å komme tilbake til en vanlig hverdag.

Journalisten forteller historien om veien inn i mørket og tilbake på en måte som gjør dypt

inntrykk på leseren – ærlig, åpent og direkte. Med en gjennomført god tekst dras leseren med inn i katastrofenatten, i spiralen nedover og i den gradvise mestringsen på vei tilbake til livet. Teksten vitner om et opparbeidet tillitsforhold mellom journalist og kilde, godt grunnarbeid i intervjusituasjonen og ikke minst godt håndverk. Dette er en drivende god fortelling som også skaper forståelse for et viktig tema – og håp om at det finnes hjelp og veier ut.

Hederlig omtale går til journalist Guro Skjelderup og Raumnes.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg


Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

ÅRETS LOKALAVISFOTO

2023

Emil Sjøstad Nyeng, Dølen



Bildeserien med den 92 år gamle enken Ruth Molvik som sparer på strømmen, er en gripende og fortsatt aktuell historie. Med flere gode bilder fra Molviks hjem får fotojournalist Emil Sjøstad Nyeng i Dølen fram mange sterke følelser hos juryen og leserne. Særlig har juryen veldig stor sans for oppslagsbildet fra vaskekjelleren, det er både innholdsrikt og godt komponert. Emil Sjøstad Nyeng og lokalavisa Dølen fortjener LLAs pris Årets lokalavisfoto. Gratulerer!

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Rune Stoltz Bertinussen

Torggrim Rath Olsen



Yngve Olsen

ÅRETS LOKALAVISFOTO

2023

Vidar Herre, Hordaland

Heiderleg omtale



Flom og store nedbørmengder prega Voss og Evanger sist haust. Dette dekkta fotojournalist Vidar Herre og lokalavisa Hordaland med sterke biletseriar på nett og papir. Opp i all elendet og dramaet er fleire av bileta også prega av humor. Juryen synest fotografen har løyst oppdraget på ein god måte og gjev Vidar Herre og Hordaland heiderleg omtale i LLAs Årets lokalavisfoto-konkurranse.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Rune Stoltz Bertinussen

Torgrim Rath Olsen



Yngve Olsen

ÅRETS LOKALAVISFOTO

2023

Vidar Herre, Hordaland

Heiderleg omtale



Dødsingbiletta til Vidar Herre er ein flott biletserie som får fram stemninga på folkefesten «Lokst Utøve» på ein engasjerande måte. Lokalavisa Hordaland sin fotograf er tett på og dekker festivalen bokstavleg talt høgt og lågt. Det er tøft gjort både av stuparane og fotografen! Vidar Herre og Hordaland fortener heiderleg omtale i LLAs Årets lokalavisfoto-konkurransen.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Rune Stoltz Bertinussen


Torgrim Rath Olsen

Yngve Olsen

ÅRETS LOKALAVISSIDE

2023

Hallingdølen «Det store togroveriet»



Laurdag 8. oktober 2022

Papiraviser kjempar ein hard kamp i dagens digitale klima. Men her viser avisa noko av det som er papiravisa sin store styrke: Formatet kan brukast til å fortelja historier på heilt unikt vis – så lenge redaksjonen maktar å sjå potensialet. Det gjer avisa til dei grader når dei presenterer saka om Ringeriksbanen. Frå framsida som er utforma som ein filmplakat (inkludert fleire nådelause terningkast 1) til dobbelsida lesarane kan nytta som brettspel. Her blir lesarane inviterte til å saumfara trykksverta etter alle små detlajar, og får verkeleg verdi for bladpengane.

TROMSØ, 22. APRIL 2023

JOURNALISTPRISEN

2023

Hallingdølen om Ringeriksbanen

Vinneren av journalistprisen for 2022 har vist seg usedvanlig standhaftig i å henge fast på ei nyhetssak som har stor betydning for distriktet som avisen dekker, faktisk en politisk viktig sak som har vært aktuell i mer enn 30 år. I flere tiår har politiske løfter fra de fleste partier, spesielt rundt valg, gått ut på at utbygging av Ringeriksbanen mellom Hønefoss og Sandvika skal prioriteres i samferdselsbudsjettet. Banen vil korte reisetida ned med en time og har stor betydning både for næringsliv og befolkninga.

Det startet som en alarmerende melding journalist Embrik Luksengard fikk fram gjennom en samtale med en statssekretær – det vil ikke bli noen ny utbyggingsavtale for Ringeriksbanen i 2022, hvilket ville vises i statsbudsjettet for 2023. Årets prisvinner smelte til med ei forside i fjor som de fleste vil huske fordi det er «som tatt fra en gangsterfilm», – Det store togrøveriet.

Særlig journalist og tidligere redaktør Embrik Luksengard hang seg fast i saken. Han avdekket hemmelige dokumenter som har stor betydning for framtida til Ringeriksbanen og mangel på informasjon både til Stortinget og offentligheten. Dette skapte enormt engasjement lokalt med folkeaksjon og press fra næringslivet på stortingsrepresentanter og regjering.

Over måneder er det skrevet 65 nyhetssaker, flere ledere og kommentarer. Prisvinnerens iherdige journalistiske arbeid førte til at Ringeriksbanen kom tilbake på statsbudsjettet for 2023, i sin opprinnelige form.

På mange vis er dette vesentlige journalistiske arbeidet ganske illustrerende for lokalavisens viktige arbeid for lokaldemokrati og vilkårene for folk som bor i distrikts-Norge.

Arbeidet med disse sakene har også gjort svært mye for avisens omdømme lokalt, både hos befolkningen og næringslivet. Avisen gjorde et bevisst valg i å legge et hardt nyhetstrykk på saken. Det ga resultater som har direkte konsekvenser for befolkning og næringsliv i distriktet når Ringeriksbanen igjen havnet på statsbudsjettet slik det opprinnelig var lovet av politikerne i de store partiene.

Lokalt får prisvinneren en stor del av æren for at Ringeriksbanen fortsatt lever, etter 30 år som delvis politisk kasteball.

Årets vinner av journalistprisen for 2022, er Hallingdølen, med arbeidet om og for Ringeriksbanen.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg

Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

JOURNALISTPRISEN

2023

Avisa Hemnes om husleiesjokket

Hederlig omtale

Flere titalls leietakere får en saftig husleieøkning etter at den kommunale boligstiftelsen går over til «gjengs leie». Men er husleieøkningen lovlig – og er den nødvendig? To år senere er styret i boligstiftelsen byttet ut, flere hundre tusen kroner er tilbakebetalt og boligstiftelsen endrer kurs.

Avisa Hemnes dekket saken tett. Gjennom 28 artikler blir saken forklart og konsekvensene for enkeltmennesker tydeliggjort. Avisa stiller nødvendige spørsmål og krever svar. I sak etter sak viser avisa fram hvordan den kommunale stiftelsen hindrer innsyn og gjør arbeidet vanskelig, de klager og kommer videre. Avisa avdekker blant annet at stiftelsen gikk imot råd fra advokater og brukte feil tabeller da de fastsatte ny leie. Til dels kompliserte regler blir forklart så folk kan forstå dem.

I denne saken er ofrene en gruppe mennesker som ikke har innpass på det vanlige boligmarkedet, og som i liten grad har ressurser og forutsetninger for å kjempe sin egen sak. Det gir seg blant annet utslag i at bare en enkelt leieboer går til sak – selvprosederende – mens boligstiftelsen stiller med toppadvokater fra Oslo.

I slike saker er pressens rolle ekstra viktig og ofte avgjørende. Hemnes har gjennom sitt arbeid bidratt til at viktige spørsmål ble stilt, økt bevissthet og konsekvenser som peker langt fram i tid. Dekningen av Husleiesjokket er et av fjorårets beste lokaljournalistiske prosjekter!

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg

Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

JOURNALISTPRISEN

2023

Steinkjer-avisa sin Pride-spesial

Hederlig omtale

I bunken av lokal Pride-dekning i fjor står denne avisa særlig ut. Gjennom en hel spesialutgave får avisa fram god informasjon, ulike sider av Pride lokalt – og ikke minst nye stemmer og historier som det må ha krevd mye godt kildearbeid å få fram. Spesialen er gjennomført nedpå og tilgjengelig, og drar den store regnbuen ned på hverdagslig, lokalt og menneskelig plan.

Spesielt imponerende er det at avisa har fått folk til å stå fram med historier som har ligget rett under overflaten i lokalsamfunnet, men som likevel har vært skjult. Her er det jobbet svært godt med kilder. Og avisa forvalter tilliten godt. Sakene er skrevet likefram og respektfullt på en måte som folk kan forstå.

Avisa har gått ekstra meter på mange fronter i denne spesialen, og går også kritisk til verks. Gjennom en egen undersøkelse får avisa grunnlag for å behandle lokale holdninger og skepsis, og stiller folk til ansvar.

Spesialutgaven gir økt forståelse, normaliserer og forklarer – hele tiden gjennomført i øyehøyde. Spesialutgaven er gjort i en tone og form som henvender seg til hele bygda, uansett forutsetninger og erfaring. På den måten favner Pride-dekningen til Steinkjer-avisa lokalsamfunnet og bidrar til økt toleranse og tillit. Dette er en avis-spesial som treffer hjertet av lokaljournalistikken.

JURYEN, TROMSØ, 22. APRIL 2023

Asbjørn Leirvåg

Grethe Gynnild-Johnsen

Solveig Husøy

MARKNADSPRISEN

2023

Bømlo-nytt



Gjennom magasinet «Havet som ressurs» viser Bømlo-nytt på ein glimrande måte korleis ei lokalavis kan hjelpe ein heil maritim bransje med merkevarebygging og kommunikasjon. Avisa har begrensa med ressursar, men har likevel jobba grundig og godt frå begynnelse til slutt. Først viste Bømlo-nytt seg fram på den maritime bransjens eigen konferanse, deretter jobba avisa tett og systematisk med kundar for å lage tiltalende innhaldsmarknadsføring på nett og papir. Slik har lokalavisas marknadsmedarbeidarar bygd gode relasjonar i heile Sunnhordlandsregionen, laga spennande lesestoff i fleire kanalar, henta inn gode inntekter og toppa det heile med fleire annonseinntekter frå havbrukskundane også etter at magasinet kom ut. Juryen er imponert. Bømlo-nytt fortener heider og ære – og Landslaget for lokalaviser sin marknadspris 2023.

TROMSØ, 22. APRIL 2023

Holger Austvoll

Kjetil Helliesen

Monica Oliverson

MARKNADSPRISEN

2023

Hallingdølen

Heiderleg omtale



Fleire lokalaviser har bedrifter i sitt nærrområde som ikkje har stort behov for å marknadsføre seg lokalt. Avisa Hallingdølen ser likevel muligheter der andre kanskje ser problem. Lokalavisa har derfor bygd større kompetanse for å kunne hjelpe blant anna «Sjemmedalhytta» med digital marknadsføring og sosiale medier. No er Hallingdølen også blitt medie- og reklamebyrå for den nasjonale hytteprodusenten i eige nabolag. I sterk konkurranse med tre byrå i hovudstaden er lokalavisa i Ål samtalepartner, rådgjevar, produsent av innhald på nett og papir – og eit byrå som sprer Sjemmedalhyttas budskap i alle relevante digitale kanalar. Det er imponerende, og Hallingdølen fortener heiderleg omtale i LLAs marknadspris-konkurranse.

TROMSØ, 22. APRIL 2023

Holger Austvoll

Kjetil Helliesen


Monica Oliverson

MARKNADSPRISEN

2023

Hordaland Folkeblad

Heiderleg omtale



Hordaland Folkeblad viser år etter år at også dei minste lokalavisene kan gjere det største og beste arbeidet! Også årets og heilt nye LLA-jury er imponert over korleis medarbeidarane i Hordaland Folkeblad byr på seg sjølve, og kva dei får til av nyttige marknadstiltak for kundane sine, nærast i alle relevante kanalar og plattformer. Særleg er det imponerende korleis lokalavisa marknadsfører lokale tilbod gjennom Instagramkontoen «Bygdavrimmel». Vi legg også merke til korleis avisas marknadsmedarbeidarar og redaksjon samarbeider om barneavisa HF Mini. Også årets jury er imponert over Hordaland Folkeblad – og gjev lokalavisa heiderleg omtale i LLAs marknadspriskonkurranse.

TROMSØ, 22. APRIL 2023

Holger Austvoll

Kjetil Helliesen

Monica Oliverson